



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 17.12.2014  
**Møtetid:** 08:30 – 17:40  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert 2 varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Birthe Skar-Moum (Ap)	Odd Lønnebakken (Ap)
Karl Kolbotn (Frp)	Marion Langhelle Pedersen (Frp)
Eva Hellevang (H)	Sture Tveit (H)

### **Andre som var til stades på møtet:**

Bjarne Hauge (Krf) i sak 069, 070, 072 og 073 (som vararepresentant for Sigmund Dyrhovden).  
 Rådmann Tone Ramsli i heile møtet.  
 Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge i heile møtet.  
 Økonomisjef Nina Erdal i sak 063 - 071.  
 Stabssjef Jan Erik Boge i sak 067 - 073.  
 Fylkesmann Lars Sponheim i sak 067.  
 Ove Bakkebø (Fylkesmannen i Hordaland) i sak 067.  
 Sverre Gjønnes Antonsen (ESKAN AS) i sak 068.

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Marit Aase (Krf)
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge/Jan Erik Boge

### **Merknader:**

Sak 071 vart handsama etter sak 068 (før sak 069).  
 Sigmund Dyrhovden (Krf) fekk permisjon etter handsaminga av sak 071, frå kl. 16:00. Han deltok derfor ikkje under handsaminga av sak 069, 070, 072 og 073. Bjarne Hauge (Krf) gjekk inn som vararepresentant for Dyrhovden i desse sakene.

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 02.01.2015

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
063/14	14/981	Faste saker	
064/14	13/611	Kommunale avgifter og gebyr 2015	
065/14	10/336	Husleige kommunale bygg 2015	
066/14	14/865	Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2015	
067/14	13/783	Kommunestruktur / kommunereform - opplegg for prosessen i Samnanger kommune og godkjenning av plan for første fase	
068/14	14/334	Utskriving av Eigedomsskatt for 2015	
069/14	14/398	Budsjett 2015	
070/14	14/320	Økonomiplan 2015 - 2018	
071/14	13/161	Framtidig bibliotek i Samnanger	
072/14	11/149	Uttale til regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021, med tiltaksprogram og overvakingsprogram	
073/14	10/311	Tannhelseteneste - uttale til framlegg til klinikkstruktur	

**SAKNR. 063/14**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**17.12.2014 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Det vert vist til side 1 og 2 i møteprotokollen for oversikt over kva tema som vart tekne opp under ”Orienteringar/meldingar” og ”Utvalet sitt kvarter”.

Til saklista:

Monica Tjønna (Sp) ønska orienteringsnotat - ”Organisering av administrasjonen” - som eiga sak. Ho viste til at dette var strukturelle endringar og at dette ligg utanfor delegeringsfullmakta til rådmannen.

Ordførar Marit Aase (Krf) orienterte om at dette hadde vore drøfta i formannskapet og at fleirtalet hadde slutta seg til at desse endringane ligg innanfor rådmannen sine fullmakter. Ho tilrådde kommunestyret å følgja formannskapet sine vurderingar.

Øyvind Røen (Sp) viste til drøftingane i formannskapet, og meinte at fullmaktene til rådmannen i delegeringsreglementet bør verta drøfta prinsipielt.

Kommunestyret røysta over Monica Tjønna sitt innspel, det vil seia om notatet ”Organisering av organisasjonen” skulle handsamast som sak. Med 14 mot 7 røyster vart det vedteke å ta notatet til orientering.

Følgjande 7 representantar stemte for	Følgjande 14 representantar stemte imot
Øyvind Røen (Sp)	Marion Langhelle Pedersen (Frp)
Monica Tjønna (Sp)	Gunnar Bruvik (Frp)
Jon Magne Bøgevik (Frp)	Anja Marken (Bl)
Svein Røseth (Frp)	Sture Tveit (H)
Ragnfrid Olsnes (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Strømmen (Bl)	Marit Aase (Krf)
Bodil H. Øpstebø (Krf)	Jens Harald Abotnes (Krf)
	Sigmund Dyrhovden (Krf)
	Bright Olav Gåsdal (Ap)
	Liv Berit Befring (Ap)
	Vidar Tveiterås (Ap)
	Heidi Gjerde (Ap)
	Heidi Arnesen (Ap)
	Odd Lønnebakken (Ap)

Saklista vart godkjent slik den ligg føre.

**KS-063/14 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**SAKNR. 064/14**  
**KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2015**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2015 vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikter.

**19.11.2014 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FORM-062/14 VEDTAK:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2015 vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikter.

**17.12.2014 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

I saksframlegget til kommunestyret hadde rådmannen skrive inn nye opplysningar vedrørende foreldrebetaling i barnehage (nye opplysningar etter at formannskapet handsama saka 19.11.2014). På bakgrunn av dei nye opplysningane, foreslo rådmannen i saksframlegget eit tilleggsvetdakt i forhold til formannskapet si tilråding i saka.

Formannskapet si tilråding, justert i samsvar med rådmannen sitt forslag til tilleggsvetdakt, vart samrøystes vedteke.

**KS-064/14 VEDTAK:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2015 vert fastsett i samsvar med vedlagte oversikter.

**SAKNR. 065/14**

**HUSLEIGE KOMMUNALE BYGG 2015**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsettet i saksutgreiinga.

**19.11.2014 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Samrøstes vedteke.

**FORM-063/14 VEDTAK:**

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsettet i saksutgreiinga.

**17.12.2014 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS-065/14 VEDTAK:**

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsettet i saksutgreiinga.

**SAKNR. 066/14**

**GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR, VARAORDFØRAR OG ANDRE POLITISK VALDE 2015**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**19.11.2014 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

**Arild Røen (H) og Brigt Olav Gåsdal (Ap)** sette fram slikt framlegg:

Ny ordførarløn vert kr 650.000. Det vert ingen endringar i godtgjersla til andre folkevalde enn ordførar for 2015. Forholdstala i regulativet for godtgjersla vert regulert tilsvarande.

**Øyvind Røen (Sp), Gunnar Bruvik (Frp) og Ragnfrid Olsnes (Bl)** sette fram slikt framlegg:

Godtgjersla til ordførar vert 625.000 kr i 2015, og godtgjersla til varaordførar vert 36.500 kr.

4 røysta for framlegget frå Røen og Gåsdal (Røen (H), Gåsdal (Ap), Aase (Krf) og Befring (Ap). 3 røysta framlegget frå Røen, Bruvik og Olsnes.

**FORM-064/14 VEDTAK:**

Ny ordførarløn vert kr 650.000. Det vert ingen endringar i godtgjersla til andre folkevalde enn ordførar for 2015. Forholdstala i regulativet for godtgjersla vert regulert tilsvarande.

**17.12.2014 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Sture Tveit (H) bad om gruppemøte. Gruppemøte vart halde kl. 10.45 -1050.

Øyvind Røen (Sp) sett fram følgjande framlegg:

*Godtgjersla til ordførar vert 610.000 kr. i 2015, og godtgjersla til varaordførar vert 35.700 kr. Godtgjersla til andre folkevalde vert auka tilstarande, i samsvar med regulativet.*

Gunnar Bruvik (Frp) sette fram følgjande framlegg:

*Godtgjersla til ordførar vert 625.000 kr i 2015, og godtgjersla til varaordførar vert 36.500 kr.*

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg:

*Ny ordførargodtgjersle vert kr. 650.000. Andre folkevalde følgjer vedteke reglement.*

Det vart først røysta over framlegget til Ø.Røen (Sp) som fall med 2 mot 19 røyster.

Følgjande 2 representantar røysta for	Følgjande 19 representantar røysta imot
Øyvind Røen (Sp) Monica Tjønnna (Sp)	Jon Magne Bogevik (Frp) Marion Langhelle Pedersen (Frp) Gunnar Bruvik (Frp) Svein Røseth (Frp) Ragnfrid Olsnes (Bl) Øyvind Strømmen (Bl) Anja Marken (Bl) Sture Tveit (H) Arild Røen (H) Marit Aase (Krf) Bodil H. Øpstebo (Krf) Jens Harald Abotnes (Krf) Sigmund Dyrhovden (Krf) Brigte Olav Gåsdal (Ap) Liv Berit Befring (Ap) Vidar Tveiterås (Ap) Heidi Gjerde (Ap) Heidi Arnesen (Ap) Odd Lønnebakken (Ap)

Det vart deretter røysta over framlegget til Gunnar Bruvik (Frp), som fall med 6 mot 15 røyster.

Følgjande 6 representantar røysta for	Følgjande 15 representantar røysta imot
Jon Magne Bogevik (Frp) Marion Langhelle Pedersen (Frp) Gunnar Bruvik (Frp) Svein Røseth (Frp) Ragnfrid Olsnes (Bl) Anja Marken (Bl)	Øyvind Røen (Sp) Monica Tjønnna (Sp) Øyvind Strømmen (Bl) Sture Tveit (H) Arild Røen (H) Marit Aase (Krf) Bodil H. Øpstebo (Krf) Jens Harald Abotnes (Krf) Sigmund Dyrhovden (Krf) Brigte Olav Gåsdal (Ap) Liv Berit Befring (Ap) Vidar Tveiterås (Ap) Heidi Gjerde (Ap) Heidi Arnesen (Ap) Odd Lønnebakken (Ap)

Det vart deretter røysta over framlegget til Arild Røen (H). 12 røysta for og 9 røysta imot.

Følgjande 12 representantar røysta for	Følgjande 9 representantar røysta imot
Sture Tveit (H) Arild Røen (H) Marit Aase (Krf) Bodil H. Øpstebo (Krf) Jens Harald Abotnes (Krf) Sigmund Dyrhovden (Krf) Brigte Olav Gåsdal (Ap) Liv Berit Befring (Ap) Vidar Tveiterås (Ap)	Øyvind Røen (Sp) Monica Tjønnna (Sp) Jon Magne Bogevik (Frp) Marion Langhelle Pedersen (Frp) Gunnar Bruvik (Frp) Svein Røseth (Frp) Ragnfrid Olsnes (Bl) Øyvind Strømmen (Bl) Anja Marken (Bl)

Heidi Gjerde (Ap) Heidi Arnesen (Ap) Odd Lønnebakken (Ap)	
---	--

Til slutt vart det røysta over tilrådinga frå formannskapet. 1 røysta for og 20 røysta imot. Øyvind Strømmen (Bl) røysta for.

Framlegget frå Arild Røen (H) vart vedteke.

**KS-066/14 VEDTAK:**

Ny ordførargodtgjersle vert kr. 650.000. Andre folkevalde følgjer vedteke reglement.

**SAKNR. 067/14**

**KOMMUNESTRUKTUR / KOMMUNEREFORM - OPPLGG FOR PROSESSEN I SAMNANGER KOMMUNE OG GODKJENNING AV PLAN FOR FØRSTE FASE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Overordna plan for prosessen fram mot endeleg vedtak av framtidig kommunestruktur vert som følger:

Mål for arbeidet:

- Få fram best mogeleg avgjerdsgrunnlag med mest mogleg effektiv ressursbruk
- Ta avgjerd i samsvar med statlege forventningar, ekspertutvalet sine tilrådingar og lokale behov
- Ha medverknad heile vegen i prosessen

Arbeidet vert organisert i fleire fasar:



Kommunestyret tek avgjerd etter kvar fase og gir oppdrag for neste fase.

Arbeidet vert organisert som eit prosjekt etter slik modell.



Det kan nyttast ekstern bistand der det er turvande. Det er mest aktuelt for utgreiingsfasen og gjennomføringsfasen.

For kvar fase vert det utarbeidd prosjektplan som også viser korleis det skal rapporterast. Den blir vedteken av kommunestyret. Prosjektplanen skal innehalda mål for den aktuelle fasen, organisering av arbeidet, risikovurdering, milepælsplan, plan for medverknad og informasjon.



Framlegg til prosjektplan for sonderingsfasen dagsett 10.12.2014 vert vedteken slik han ligg føre.

### 17.12.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Før kommunestyret si handsaming orienterte fylkesmann Lars Sponheim om kommunereforma. Han svarte også på spørsmål frå kommunestyret.

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande tilleggsframlegg, på vegner av Senterpartiet:

*Tilleggsalternativ om sonderingar/utgreiingar:*

*Felles sonderingar og eventuelt saksutgreiing med rådmannen i Fusa for alternativa:*

- Fusa, Kvam og Samnanger
- Fusa, Os og Samnanger og ev. Tysnes og Austevoll.

Sigmund Dyrhovden (Krf) bad om gruppemøte. Gruppemøte vart halde kl. 13:30 – 13:35.

I avrøystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Senterpartiet sitt framlegg. Rådmannen sitt framlegg fekk 14 røyster og Senterpartiet sitt framlegg fekk 7 røyster.

Følgjande representantar røysta for rådmannen sitt framlegg	Følgjande representantar røysta for Senterpartiet sitt framlegg
Ragnfrid Olsnes (Bl)	Sigmund Dyrhovden (Krf)
Øyvind Strømmen (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Anja Marken (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Sture Tveit (H)	Jon Magne Bogevik (Frp)
Arild Røen (H)	Marion Langhelle Pedersen (Frp)
Marit Aase (Krf)	Gunnar Bruvik (Frp)
Bodil H. Øpstebø (Krf)	Svein Røseth (Frp)
Jens Harald Abotnes (Krf)	
Bright Olav Gåsdal (Ap)	
Liv Berit Befring (Ap)	
Vidar Tveiterås (Ap)	
Heidi Gjerde (Ap)	
Heidi Arnesen (Ap)	
Odd Lønnebakken (Ap)	

### KS-067/14 VEDTAK:

Overordna plan for prosessen fram mot endeleg vedtak av framtidig kommunestruktur vert som fylgjer:

Mål for arbeidet:

- Få fram best mogeleg avgjerdsgrunnlag med mest mogeleg effektiv ressursbruk
- Ta avgjerd i samsvar med statlege forventningar, ekspertutvalet sine tilrådingar og lokale behov
- Ha medverknad heile vegen i prosessen

Arbeidet vert organisert i fleire fasar:



Kommunestyret tek avgjerd etter kvar fase og gir oppdrag for neste fase.

Arbeidet vert organisert som eit prosjekt etter slik modell.



Det kan nyttast ekstern bistand der det er turvande. Det er for utgreiingsfasen og gjennomføringsfasen.

mest aktuelt

For kvar fase vert det utarbeidd prosjektplan som også viser korleis det skal rapporterast. Den blir vedteken av kommunestyret. Prosjektplanen skal innehalda mål for den aktuelle fasen, organisering av arbeidet, risikovurdering, milepælsplan, plan for medverknad og informasjon.

Framlegg til prosjektplan for sonderingsfasen dagsett 10.12.2014 vert vedteken slik han ligg føre.

## **SAKNR. 068/14**

### **UTSKRIVING AV EIGEDOMSSKATT FOR 2015**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret har tidlegare vedteke at det skal skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen for eigedomsskatteåret 2015. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2015:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2015 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Bustadar med formuesgrunnlag frå skatteetaten vil først bli skattelagt 2 år etter at bygget er ferdig.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert taksert. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Utskriving av eigedomsskatt for 2015 er basert på takstar frå taksering i 2012 for ”verk og bruk” og frå 2014/2015 for bustadhus, hytter, næringsseigedomar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter, sak 16/14 i Kommunestyret.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

## 17.12.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Før kommunestyret si handsaming orienterte Sverre Gjønnnes Antonsen frå firmaet ESKAN AS om oppgåvefordeling, reglar m.m. i samband med innføring av eigedomsskatt. Han svarte også på spørsmål frå kommunestyret.

Marit Aase (Krf) hadde før kommunestyremøtet sendt ut følgjande tilleggsframlegg:

*Thomas Nordvik stifting og Anton´s kulturhistoriske senter får fritak etter eigedomsskattelova § 7 a.*

Jon Magne Bogevik (Frp) sette fram følgjande framlegg:

*Punkt for botnfrådrag vert på kr. 250 000,- (istedet for kr. 100.000,-). Differansen blir justert i budsjett for 2014.*

Heidi Gjerde (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg, på vegner av Arbeiderpartiet:

*Som rådmannens framlegg med følgjande endring: paragraf 7 c. Gjeld og for dei som bygde hus i 2014.*

Arild Røen (H) bad om gruppemøte. Gruppemøte vart halde kl. 14:35 – 14:45.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen (H) fram følgjande tilleggsframlegg:

*Tillegg paragraf 7c: for nybygde bustadeigedommar vert det gjeve fritak i 3 år. Gjeld og for dei som bygde i 2014.*

Vidar Tveiterås (Ap) orienterte om at han og Odd Lønnebakken (Ap) sit i styret for Thomas Nordvik stifting, og bad om at gildskapen deira vart vurdert. Begge to gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen deira. Begge to vart med 18 mot 1 røyst funne tildekk i saka. Jon Magne Bogevik (Frp) røysta imot at Tveiterås og Lønnebakken var tildekk i saka.

Det vart først røysta over tilleggsframlegga.

Marit Aase sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

Jon Magne Bogevik sitt tilleggsframlegg fekk 4 røyster. 17 representantar røysta imot framlegget.

Følgjande representantar røysta for framlegget	Følgjande representantar røysta imot framlegget
--	---

Jon Magne Bøgevik (Frp) Marion Langhelle Pedersen (Frp) Gunnar Bruvik (Frp) Svein Røseth (Frp)	Ragnfrid Olsnes (Bl) Øyvind Strømmen (Bl) Anja Marken (Bl) Sture Tveit (H) Arild Røen (H) Marit Aase (Krf) Bodil H. Øpstebø (Krf) Jens Harald Abotnes (Krf) Brikt Olav Gåsdal (Ap) Liv Berit Befring (Ap) Vidar Tveiterås (Ap) Heidi Gjerde (Ap) Heidi Arnesen (Ap) Odd Lønnebakken (Ap) Sigmund Dyrhovden (Krf) Øyvind Røen (Sp) Monica Tjønnå (Sp)
---	--

Arbeiderpartiet sitt tilleggsframlegg fekk 20 røyster. 1 representant, Sture Tveit (H), røysta imot framlegget.

Arild Røen sitt tilleggsframlegg fekk 10 røyster. 11 representantar røysta imot framlegget.

Følgjande representantar røysta for	Følgjande representantar røysta imot
Øyvind Røen (Sp) Monica Tjønnå (Sp) Sture Tveit (H) Arild Røen (H) Jon Magne Bøgevik (Frp) Marion Langhelle Pedersen (Frp) Gunnar Bruvik (Frp) Svein Røseth (Frp) Sigmund Dyrhovden (Krf) Heidi Arnesen (Ap)	Ragnfrid Olsnes (Bl) Øyvind Strømmen (Bl) Anja Marken (Bl) Marit Aase (Krf) Bodil H. Øpstebø (Krf) Jens Harald Abotnes (Krf) Brikt Olav Gåsdal (Ap) Liv Berit Befring (Ap) Vidar Tveiterås (Ap) Heidi Gjerde (Ap) Odd Lønnebakken (Ap)

Det vart til slutt røysta over rådmannen sitt framlegg, inkludert dei to vedtekne tilleggsframlegga. Framlegget vart vedteke med 20 mot 1 røyst. Sture Tveit (H) røysta imot framlegget.

Protokolltilførsel frå Senterpartiet i sak 068:

*Senterpartiet meiner eigedomsskatten er sosialt urettvis sidan han ikkje tek omsyn til betalingsevna til innbyggjarane. Difor røysta me nei då prinsippvedtaket om skatten vart gjort. Når Senterpartiet likevel røystar for framlegget frå rådmannen i sak 68 (med endringsframlegg frå Høgre og Marit Aksnes Aase) om utforminga av skatten, er grunnen den økonomiske situasjonen som Samnanger kommune er i. Men me vil understreka at denne situasjonen er eit resultat av fleire vedtak og prioriteringar som Senterpartiet har vore ueinig i.*

**KS-068/14 VEDTAK:**

Kommunestyret har tidlegare vedteke at det skal skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen for eigedomsskatteåret 2015. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2015:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

Thomas Nordvik stifting og Anton´s kulturhistoriske senter får fritak etter eigedomsskattelova § 7 a.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2015 eller seinare. Fritaket gjeld og for dei som bygde hus i 2014. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Bustadar med formuesgrunnlag frå skatteetaten vil først bli skattelagt 2 år etter at bygget er ferdig.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert taksert. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Utskriving av eigedomsskatt for 2015 er basert på takstar frå taksering i 2012 for ”verk og bruk” og frå 2014/2015 for bustadhus, hytter, næringsseigedomar mm.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter, sak 16/14 i Kommunestyret.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

### **SAKNR. 069/14 BUDSJETT 2015**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering .

**19.11.2014 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

**Bright Olav Gåsdal (Ap) og Liv Berit Befring (Ap)** sette fram slikt framlegg:

*Samnanger kommune vil vurdere å selja konsesjonskrafta på langtidskontrakt, 30 år, 50 år eller for alltid. Føremålet er å frigjera kapital til ulike kommunale oppgåver. Rådmannen hentar inn tilbod og førebur sak til kommunestyret. Det kan nyttast ekstern ekspertise til å hjelpa til å oppnå best mogleg pris.*

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegget frå Arbeidarpartiet.

Formannskapet drøfta inngåande korleis Samnanger kommune skal arbeida med næringsutvikling. Det er viktig at dette arbeidet vert prioritert.

Rådmannen gjorde merksam på at vedtak om godtgjersla til ordførar og auka løn til rådmannen og assisterande rådmann medfører ein kostnad på 100.000. Foreldrebetalinga i barnehagane er underbudsjettet med kr 68.000, og kan nyttast til å dekkja kostnaden. Resterande sum kan finansierast ved at konto for tilleggsløyving vert sett ned.

Under drøftingane vart det sett fram fylgjande framlegg til endringar av rådmannen sitt framlegg:

- Dirigent til skulemusikken ei løyving på kr 50.000 som vert finansiert ved omdisponeringar innan kulturbudsjettet. Ordninga vil også gjelda for 2016
- Veg til Totræna – ei løyving på kr 225.000 som vert finansiert ved bruk av fond avsett til musikkbinge
- Vøla av kyrkjegardsmur – ei løyving på kr 50.000 som vert finansiert ved bruk av fond kulturminnevern

Formannskapet røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak og dei framlegga som vart sett fram i møtet. Formannskapet fatta eit samrøystes vedtak. Dei røysta og samrøystes for at det vert teke opp lån i 2015 og på kva vilkår.

**FORM-065/14 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering og med desse endringane:

	kostnad	finansieringskjelde	
Dirigent	50000	Omdisponering kulturbudsjettet	
Veg Totræna	225000	Fond musikkbinge	225 000
kyrkjegarden mur	50000	Fond kulturminnevern	50 000
Regulering av løn ordførar, rådmann og ass. Rådmann inkl sosiale utgifter	100 000		
		Avsett til lønsauke	32 000
		Meirinntekter foreldrebetaling barnehage	68 000

Lån til sjukeheimen – 48 mill. kroner - vert teke opp over 50 år med 2 års avdragsfri periode .  
Øvrige lån – 13 mil. kroner – vert teke opp over 40 år med 1 år avdragsfri periode.

Samnanger kommune vil vurdere å selja konsesjonskrafta på langtidskontrakt, 30 år, 50 år eller for alltid. Føremålet er å frigjera kapital til ulike kommunale oppgåver. Rådmannen hentar inn tilbod og

førebur sak til kommunestyret. Det kan nyttast ekstern ekspertise til å hjelpa til å oppnå best mogleg pris.

## 17.12.2014 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Heidi Gjerde (Ap) bad om å få gildskapan sin vurdert, fordi ho fører rekneskapan for skulemusikken. Ho er ikkje medlem i styret i skulemusikken. Ho gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapan hennar. Ho vart samrøystes funnen gild i saka.

Anja Marken (Bl) spurde om det er lagt inn midlar til Fairtrade i budsjettframlegget for 2015. Rådmann Tone Ramsli stadfesta at det er lagt inn 5 000 kroner i budsjettframlegget. Dette er same sum som i 2014. Rådmannen svara også på andre spørsmål vedrørande budsjettframlegget.

Liv Berit Befring (Ap) sette fram følgjande framlegg, på vegner av Arbeiderpartiet:

*Barnehagebudsjettet vert styrkja med kr 50 000.  
Midlane skal dekkast av disposisjonsfondet (45000) og auka rammeløyving (5000)  
Grunngjevinga er at barnehagane skal få høve til å gje tilbod om lengre opningstidene  
enn det er lagt opp til i budsjettframlegget.  
Kva dagar som er viktigast å halda ope, bør vurderast i samråd med tilsette- og  
foreldrerepresentantane.*

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg, på vegner av Høgre og Senterpartiet:

*Det vert løyva kr. 175.000,- til planlagt veg til idrettslaget sin veg til skianlegget i  
Totræna. Pengane vert henta frå post 3251 Rolvsvåg industriområde, 0.2700  
konsulenttenester.*

Ragnfrid Olsnes (Bl) sette fram følgjande framlegg, på vegner av Bygdalista:

*Resten av pengane ca. 140 000 av Samnanger-Sima pengane til barn og unge skal gå  
til kultureininga. Det skal øymerkast barne -og ungdomsarbeid 2 år fram i tid.*

Det vart halde gruppemøte kl. 16.35 – 16:50.

Etter gruppemøtet sette Bodil H. Øpstebø fram følgjande framlegg, på vegner av Kristeleg folkeparti og Arbeiderpartiet:

*Kr 145 000 til barn og ungdom vert sett av på fond til motocrossbane når arealplanen  
er vedtatt.*

Arild Røen sette fram følgjande reviderte framlegg på vegner av Høgre, Arbeiderpartiet, Kristeleg folkeparti og Senterpartiet:

*Resterande del av disposisjonsfond, kr 127000, vert avsett til ny veg til Totræ.  
Administrasjonen søker å dekkja inn resterande kr 50000 for å imøtekoma idrettslaget  
sin søknad om støtte på kr 400000.*

Dette framlegget erstatta framlegget frå Høgre og Senterpartiet som vart sett fram av Arild tidlegare under handsaminga av saka.

Øyvind Strømmen orienterte om at Bygdalista trekte framlegget sitt.

Det vart først røysta over tilleggsframlegga som var sett fram i møtet:

- Framlegget frå Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.
- Framlegget frå Kristeleg Folkeparti og Arbeiderpartiet vart samrøystes vedteke.
- Framlegget frå Høgre, Arbeiderpartiet, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over formannskapet sitt framlegg til vedtak, inkludert dei vedtekne tilleggsframlegga og rådmannen sine forslag til endringar i saksutgreiinga si til kommunestyret (under ”Nye opplysningar i saka” i saksframlegget til kommunestyret). Med desse endringane vart formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Kommunestyret sitt vedtak i sak 071 (Framtidig bibliotek i Samnanger) vert også innarbeidd i vedtaket i sak 069.

Protokollmerknad frå Framstegspartiet i sak 069:

*Frp er imot eigedomsskatt i Samnanger.*

Protokollmerknad frå Senterpartiet i sak 069:

*Senterpartiet viser til protokolltilførselen i sak 68 når det gjeld bruken av eigedomsskatt som inntektspost i budsjettet for 2015.*

#### **KS-069/14 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2015 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, 1 B drift, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering og detaljar investering og med desse endringane:

	utgift	finansieringskjelde	inntekt
Dirigent	50 000	Omdisponering kulturbudsjettet	
Veg Totræna	225 000	Fond musikkbinge	225 000
Kyrkjegarden, mur	50 000	Fond kulturminnevern	50 000
Regulering av løn ordførar, rådmann og ass. Rådmann inkl sosiale utgifter	100 000		
		Avsett til lønsauke	32 000
		Meirinntekter foreldrebetaling barnehage	45 000
		Auka rammetilskot og skatt	23 000
		Auka rammetilskot og skatt	177 000
Avsett til disposisjonsfond	177 000		

Lån til sjukeheimen – 48 mill. kroner - vert teke opp over 50 år med 2 avdragsfrie år .

Lån til bibliotek – 4 mill. kroner – vert teke opp over 50 år med 2 avdragsfrie år. Renteutgifter i 2015 skal dekkast frå næringsfondet.

Øvrige lån – 13 mill. kroner – vert teke opp over 40 år med 1 avdragsfritt år.



Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 1 mill. kroner i 2015. Dette er lagt til grunn i budsjettframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om avdragsutsetting på 1 mill. kroner. Løpetida på lånet/ låna skal forlengast.

Samnanger kommune vil vurdera å selja konsesjonskrafta på langtidskontrakt, 30 år, 50 år eller for alltid. Føremålet er å frigjera kapital til ulike kommunale oppgåver. Rådmannen hentar inn tilbod og førebur sak til kommunestyret. Det kan nyttast ekstern ekspertise til å hjelpa til å oppnå best mogleg pris.

Budsjett for VA-anlegg for Eikedalen vert overført frå budsjett 2014 til budsjett 2015.

Budsjett for kostnad til veg på Bjørkheim vert auka med 800 000 kroner eks. moms og finansiert med lån som er tatt opp i 2014.

Barnehagebudsjettet vert styrkja med kr 50 000.

Midlane skal dekkast av disposisjonsfondet (45000) og auka rammeløyving (5000)

Grunngjevinga er at barnehagane skal få høve til å gje tilbod om lengre opningstidene enn det er lagt opp til i budsjettframlegget.

Kva dagar som er viktigast å halda ope, bør vurderast i samråd med tilsette- og foreldrerepresentantane.

Resterande del av disposisjonsfond, kr 127000, vert avsett til ny veg til Totræ.

Administrasjonen søker å dekkja inn resterande kr 50000 for å imøtekoma idrettslaget sin søknad om støtte på kr 400000.

Kr 145 000 til barn og ungdom vert sett av på fond til motocrossbane når arealplanen er vedtatt.

Kommunestyret sitt vedtak i sak om eigedomsskatt (sak 68/14) vert ein del av vedtaket i sak om budsjett 2015 (sak 69/14). Vedtaket i sak 68/14 er som følgjer:

*Kommunestyret har tidlegare vedteke at det skal skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen for eigedomsskatteåret 2015. I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2015:*

*Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.*

*For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.*

*I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.*

*Thomas Nordvik stifting og Anton´s kulturhistoriske senter får fritak etter eigedomsskattelova § 7 a.*

*I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent, sjå vedlagt liste. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.*

*I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2015 eller seinare. Fritaket gjeld og for dei som bygde hus i 2014. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.*

*Bustadar med formuesgrunnlag frå skatteetaten vil først bli skattelagt 2 år etter at bygget er ferdig.*

*Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert taksert. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Utskriving av eigedomsskatt for 2015 er basert på takstar frå taksering i 2012 for "verk og bruk" og frå 2014/2015 for bustadhus, hytter, næringsseigedomar mm.*

*Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter, sak 16/14 i Kommunestyret.*

*Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.*

### **SAKNR. 070/14**

### **ØKONOMIPLAN 2015 - 2018**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til økonomiplan vert vedteken slik han ligg føre i saksutgreiinga med vedlegg budsjettskjema 1 A, 2 A, hovudoversikt drift og hovudoversikt investering.

---

#### **19.11.2014 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Det vert vist til vedtak i sak 60/14 om bibliotek som kan få konsekvensar for økonomiplanen. Dette vil først verte teke stilling til i kommunestyret i desember.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med dei korrigeringar som vart gjort i sak 65/14 budsjett 2015.

**Gunnar Bruvik (Frp) og Øyvind Røen (Sp)** ba om ein protokollmerknader der dei presiserer at dei er usamd i at Samnanger kommune innfører eigedomsskatt på bustadhus, fritidshus og næring.

#### **FORM-066/14 VEDTAK:**






Framlegg til økonomiplan vert vedteken slik han ligg føre i saksutgreiinga med vedlegg budsjettskjema 1 A, 2 A, hovudoversikt drift og hovudoversikt investering og med dei korrigeringar som fylgjer av vedtak i sak 64/14 budsjett 2015.

#### **17.12.2014 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Med innkallinga til møtet låg det med eit notat frå rådmannen der det var føreteke nye kostnadsoverslag over bu- og aktivitetssenter og kostnad med bibliotek var vist. Notatet viser ein økonomiplan i ubalanse.

## Alternativ 2: Bu- og aktivitetssenter og stort bibliotek Oppdater budsjettversjon - drift

	2015	2016	2017	2018	Sum
Over-/underskudd konsekvensj. budsjett	6 168 781	5 048 134	4 903 134	5 464 896	
Totale driftskostnader fra investeringsbudsjett	-355 000	1 837 250	3 657 590	4 181 500	
Valgte driftstiltak	-5 736 781	-6 269 384	-7 473 464	-8 088 046	
<b>Over-/underskudd budsjettversjon</b>	<b>77 000</b>	<b>616 000</b>	<b>1 087 260</b>	<b>1 558 350</b>	
 Totale driftskostnader fra investeringsbudsjett	-355 000	1 837 250	3 657 590	4 181 500	
 Budsjett investering 2015 - 2018, Rådmann	-432 000	1 221 250	2 570 330	2 623 150	<input type="checkbox"/>
 Form 3 12 2014 m bu og aktivsenter	-399 000	1 661 250	3 096 830	3 592 300	<input type="checkbox"/>
 Form 3 12 2014 m bu- akt og lite bibliotek	-371 500	1 776 750	3 470 670	3 985 100	<input type="checkbox"/>
 Form 3 12 2014 m bu- akt og stort bibliotek	-355 000	1 837 250	3 657 590	4 181 500	<input checked="" type="checkbox"/>

Rådmann Tone Ramsli gjorde framlegg om å nytta næringsfondet og innsparte rentekostnader til saldering.

Rådmannen gjorde merksam på at dei endringane som er gjort i budsjettvedtaket i sak 069 (Budsjett 2015), må innarbeidast i økonomiplanvedtaket i sak 070.

Med desse endringane vart formannskapet si tilråding vedteke med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bogevik (Frp) røysta imot framlegget.

### KS-070/14 VEDTAK:

Framlegg til økonomiplan vert vedteken slik han ligg føre i saksutgreiinga med vedlegg budsjettskjema 1 A, 2 A, hovudoversikt drift og hovudoversikt investering, med dei endringane som følgjer av kommunestyret sitt vedtak i sak 066 (Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2015), sak 069 (Budsjett 2015) og sak 071 (Framtidig bibliotek i Samnanger).

### SAKNR. 071/14

#### FRAMTIDIG BIBLIOTEK I SAMNANGER

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak frå rådmannen.

### 19.11.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet drøfta saka. Formannskapet er positiv til at kommunen kjøper seg inn i prosjektet til Bjørkheim senter for å etablere eit bibliotek. Formannskapet er imidlertid uroleg for kommunen sin økonomi. Før det vert teke endeleg stilling i saka, vert rådmannen bedt om å laga ei tilleggsgutgreiing om kva konsekvensar dette tiltaket evt. vil få for andre prosjekt.

#### **FORM-060/14 VEDTAK:**

Samnanger kommune ser positivt på tilbodet frå Bjørkheim senter som kan gjera det mogleg å få til bibliotek på Bjørkheim. Det vil evt. berre vera aktuelt for kommunen å kjøpa seg inn i senteret. Samnanger kommune ynskjer å gje tilbydar ei tilbakemelding innan utgangen av 2014. Kommunen har ein stram økonomi, og før det vert teke stilling i saka vert rådmannen bedt om å leggja fram oversikt over kva konsekvensar bygging av bibliotek vil få for kommunen sin totaløkonomi.

#### **17.12.2014 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) sette fram følgjande utsetjingsframlegg:

*Høgre er for eit nytt bibliotek på Bjørkheim, men meiner saka må sjåast i samanheng med den økonomiske situasjonen kommunen er i. I tillegg veit me ikkje sluttsummen på ny samnangerheim. Me føreslår difor å utsetja saka.*

Det vart røysta over utsetjingsframlegget. 3 røysta for og 18 røysta imot framlegget.

Følgjande representantar røysta for utsetjingsframlegget	Følgjande representantar røysta imot utsetjingsframlegget
Sture Tveit (H) Arild Røen (H) Jon Magne Bogevik (Frp)	Ragnfrid Olsnes (Bl) Øyvind Strømmen (Bl) Anja Marken (Bl) Marit Aase (Krf) Bodil H. Øpstebø (Krf) Jens Harald Abotnes (Krf) Brikt Olav Gåsdal (Ap) Liv Berit Befring (Ap) Vidar Tveiterås (Ap) Heidi Gjerde (Ap) Odd Lønnebakken (Ap) Øyvind Røen (Sp) Monica Tjønna (Sp) Marion Langhelle Pedersen (Frp) Gunnar Bruvik (Frp) Svein Røseth (Frp) Sigmund Dyrhovden (Krf) Heidi Arnesen (Ap)

Sigmund Dyrhovden (Krf) bad om gruppemøte. Gruppemøte vart halde kl. 15:40 – 15:55.

Etter gruppemøtet sette Bodil H. Øpstebø (Krf) fram følgjande framlegg, på vegner av Kristeleg folkeparti og Høgre:

*Samnanger kommune inngår kontrakt med Bjørkheim senter om kjøp av areal i nytt bygg på Bjørkheim til bruk for bibliotek. Kommunen vil inngå avtale om kjøp av ca 500 kvadratmeter. Vedtaket er med atterhald om at tiltaket vert innarbeid i økonomiplan og at byggstart vert i 2015.*

Framlegget fekk 20 røyster. 1 representant, Jon Magne Bogevik (Frp), røysta imot framlegget.

**KS-071/14 VEDTAK:**

Samnanger kommune inngår kontrakt med Bjørkheim senter om kjøp av areal i nytt bygg på Bjørkheim til bruk for bibliotek. Kommunen vil inngå avtale om kjøp av ca 500 kvadratmeter. Vedtaket er med atterhald om at tiltaket vert innarbeid i økonomiplan og at byggestart vert i 2015.

**SAKNR. 072/14**

**UTTALE TIL REGIONAL PLAN FOR VASSREGION HORDALAND 2016-2021, MED TILTAKSPROGRAM OG OVERVAKINGSPROGRAM**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Plandokumenta framstår som uferdige både kva gjeld layout, oppsett og vurdering av fakta. Samnanger kommune ber om at det vert arbeidd meir med planen før han vert sendt ut på høyring på nytt. Me viser til saksutgreiinga for grunngeving.

**26.11.2014 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet:

**Ordførar Marit A Aase** sette fram slikt framlegg til tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak: *Samnanger kommune vil også be om at plandokumenta må omtala konsekvensane ein slik plan kan ha i høve framtidig vasskraftproduksjon.*

I diskusjonen kom det fram ønske om at det i vedtaket også vart teke inn at det skulle vera ei vurdering av konsekvensar.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med at ordet konsekvensar vart fletta inn. Ordføraren sitt framlegg til tillegg vart samrøystes vedteke.

**NAT-069/14 VEDTAK:**

Plandokumenta framstår som uferdige både kva gjeld layout, oppsett og vurdering av fakta/konsekvensar. Samnanger kommune ber om at det vert arbeidd meir med planen før han vert sendt ut på høyring på nytt. Me viser til saksutgreiinga for grunngeving. Samnanger kommune vil også be om at plandokumenta må omtala konsekvensane ein slik plan kan ha i høve framtidig vasskraftproduksjon.

**17.12.2014 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Naturutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS-072/14 VEDTAK:**

Plandokumenta framstår som uferdige både kva gjeld layout, oppsett og vurdering av fakta/konsekvensar. Samnanger kommune ber om at det vert arbeidd meir med planen før han vert sendt ut på høyring på nytt. Me viser til saksutgreiinga for grunngeving. Samnanger kommune vil også be om at plandokumenta må omtala konsekvensane ein slik plan kan ha i høve framtidig vasskraftproduksjon.

**SAKNR. 073/14**

**TANNHELSETENESTE - UTTALE TIL FRAMLEGG TIL KLINIKKSTRUKTUR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune ser ikkje at dei samfunnsøkonomiske innsparingane tilseier at det er rett å legge ned tannklinikken på Tysse, og ber om at den av omsyn til barn, unge og eldre vert oppretthalden. Eit alternativ til dette er å ha den som ein filial under Arna med opningstider som er tilstrekkeleg til at dei som har rett på tenester frå det offentlege får dekket det.

**17.12.2014 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Bodil H. Øpstebø (Bl) bad om at det vert teke inn ei tilleggsformulering om kostnader og andre ulemper ved ei eventuell flytting av tannlegetilbodet for born frå Samnanger. Kommunestyret gav Bodil H. Øpstebø, Øyvind Strømmen (Bl) og Monica Tjønnå (Sp) fullmakt til å innarbeida dette i vedtaksteksten. Med denne presiseringa vart rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

Tilleggsformuleringa frå Øpstebø, Strømmen og Tjønnå er som følgjer:

*Samnanger kommune er sterkt kritisk til at tannlegen vert flytta ut av kommunen. Me ser ikkje at det er samfunnsøkonomisk lønsemd i dette. Me meiner at det i praksis vert arbeidsgjevarene som må betala kostnadane med at foreldre må ta fri for å bringa borna til tannlege. I tillegg viser me til dårleg korresponderande bussar for dei borna som er over 12 år. Det vert uheldig for ungdomsskuleelevar at dei eventuelt får fråvær ein heil dag på vitnemålet grunna tannlegevitjing kvar år.*

**KS-073/14 VEDTAK:**

Samnanger kommune ser ikkje at dei samfunnsøkonomiske innsparingane tilseier at det er rett å legge ned tannklinikken på Tysse, og ber om at den av omsyn til barn, unge og eldre vert oppretthalden. Eit alternativ til dette er å ha den som ein filial under Arna med opningstider som er tilstrekkeleg til at dei som har rett på tenester frå det offentlege får dekket det.

Samnanger kommune er sterkt kritisk til at tannlegen vert flytta ut av kommunen. Me ser ikkje at det er samfunnsøkonomisk lønsemd i dette. Me meiner at det i praksis vert arbeidsgjevarene som må betala kostnadane med at foreldre må ta fri for å bringa borna til tannlege. I tillegg viser me til dårleg korresponderande bussar for dei borna som er over 12 år. Det vert uheldig for ungdomsskuleelevar at dei eventuelt får fråvær ein heil dag på vitnemålet grunna tannlegevitjing kvar år.